



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS  
Pb. 103 103

5649 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2022/6748	Ingunn Sætre	03.02.2025

## ENDRINGSLØYVE – delegert vedtak

Endringa gjeld:	Utviding terrasse(+ 6m <sup>2</sup> )
Tiltak:	Anneks
Gnr/bnr:	171/61
Byggestad/adresse:	Skjelnesvegen 160, 5636 Varaldsøy
Tiltakshavar:	Jon Barratt Nysæther, Dyvekes gate 14, 4041 Hafrsfjord
Ansvarleg søkjar:	Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, Pb. 103 103, 5649 Eikelandssosen
Matrikkel:	BYA: +6m <sup>2</sup>

### Delegert vedtaksnr: 2025/38

#### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3 vert søknad journalført 27.01.2025 med tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for følgjande firma:

- Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS; SØK, PRO(teikning anneks og terrasse).T.kl.1.
- Johansen Rør AS; PRO/UTF(Røyrleggjararbeidet).T.kl.1.
- G & H Skjelnes Entr.AS; UTF(Betong arbeidet og grunnarbeid ).T.kl.1.
- Byggmeister Kjell Lutro; UTF(Tømrararbeid).T.kl.1.

#### Tiltaket kan igongsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Det må søkjast om endring dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter pbl. § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### Grunnlag for løyvet

- Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp og tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn- og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.
- Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.
- Det vart gjeve dispensasjon til terrasse utviding i vedtak 2024/312, datert 01.08.2024.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheiter.

### Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søker som skal varsla utførande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for handsamingsgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med plbl. § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Svein Marken  
Rådgjevar

*Brevet er oppretta elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Kopi til:

Tiltakshavar  
Referatsak forvaltningsutvalet  
Matrikkelen